

Til energi- og miljøkomiteen

Angående sak Dokument 8:82 S (2020–2021) Representantforslag om ny konsesjon for Røldal-Suldal kraftanlegg

Viser til representantforslag om ny konsesjon for Røldal-Sulda kraftanlegg.

Dette er ein enorm sak som vil definere dagens Stortingspolitikarar i mange generasjonar framover. Stortinget vil anten vedta ein fornyelsessak til det beste for heile det norske samfunnet - eller ei løysing basert på regulanten sin konsesjonssøknad og eventyrhistorie om bærekraft som ettertida vil dra fram som eksempel på misforstått forvaltning av norske naturressursar og svakt politisk håndverk.

For å illustrere kva eg meiner vil eg begynne med å referere litt frå kva Hydrokonsernet står for.

Hydro seier bl.a dette:

“Vår tilnærming

*Aluminium er fremtidens metall, med unike iboende egenskaper og uendelige applikasjoner og designmuligheter. Som med alle materialer kommer det også med et fotavtrykk. **Vi ser det som vårt ansvar å minimere fotavtrykket når vi produserer det**, og som vår mulighet til å maksimere fordelene ved bruk.*

*For å bygge elbilene, vindmøllene og de elektriske fergene vi trenger for en fremtid med lite karbon, trenger vi materialer. Ikke bare flere materialer, men **mer bærekraftige materialer - etisk hentet, produsert med lave utslipp, resirkulerbart** (..) Å være engasjert i den lange verdikjeden i aluminium gir oss fordeler som ikke er like for våre globale konkurrenter.*

Vi har evnen til å påvirke produksjonen fra sin opprinnelse. Ved å spore hvert trinn underveis, er vi i stand til å dokumentere og være gjennomsliktige om vår bærekraftspraksis.

Ved å utvikle en mer helhetlig tilnærming til bærekraft, har vi lansert et sett med ambisjoner om å redusere våre egne miljøpåvirkninger og utslipp i produksjonen, utvikle grønnere produkter som hjelper kundene våre med å designe mer bærekraftige løsninger og gjøre en positiv forskjell ved å styrke lokalsamfunn og våre forretningspartnere.

Vi erkjenner at vi bare kan lykkes hvis samfunn og partnere rundt oss også lykkes.

Det er etiske grunner til å bidra til å få industrien til en mer bærekraftig vei mot fremtiden. Vi skylder dette til fremtidige generasjoner, som bør arve muligheter i stedet for problemer. Det er en del av vårt DNA - og oppdrag - å bidra til levedyktige samfunn.

Redusert risiko, forbedrede forhold til lokale interessenter og naboer, forbedret ressurseffektivitet og nye markedsmuligheter peker også på å investere i "mennesker, planet og produkter" som et opp-potensial snarere enn et ansvar.

Å kontinuerlig redusere fotavtrykket for å produsere aluminium er ikke bare et etisk ansvar, vi ser det også er en kommersiell mulighet.

Kort sagt, vi tror at vår fremtidige lønnsomhet avhenger av vår evne til å sikre fremtidig bærekraft.”

For å sjå og lese meir om Hydro sin fortrefelighet og grønne ambisjonar oppfordres det til å gå inn her og fordjupe seg i Hydro sitt fiksjonsunivers som blir kommunisert og solgt inn for omverden:

<https://www.hydro.com/en/sustainability/our-approach/>

Dessverre er det rett og slett ingen sammenheng mellom kommunikasjonsavdelingen til Hydro og det praktiske driftsregimet selskapet opererer med lokalt. Dette veit me som til daglig lever tett på energianlegga som blir framstilt som grunnsteinen i Hydro sin aluminiumsproduksjon.

Hydro har aldri vist vilje til å ta eit bærekraftig ansvar lokalt, tvert i mot opererer selskapet i motsatt ende av skalaen innan konsesjonen sine tolkningsmuligheter. Stortinget må no sette rammene for å sikre at regulanten kjem inn på rett spor basert på eit moderne samfunnet si oppfatning av bærekraft. For lokalsamfunnet må det som eit minimum vera ein logisk sammenheng mellom pålagte vilkår og selskapet sine uttalte ambisjonar.

Å stille dei strengaste miljøkrav og å hensynta alle aspekt ved lokalsamfunnet sine fysiske og økonomiske ulemper må vera ein grunnleggande betingelse for å tildele Lyse Kraft DA tidenes gavepakke i frå fellesskapet til ein privat aktør(Hydro).

Ein bedre anledning til å sette standarden for bærekraftig energiproduksjon kan ikkje Storting og myndigheter få.

Representantforslaget fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet er eit stort steg i retning av å lykkast med ein framtidsretta bærekraftig norsk vasskraftproduksjon. Ei presisering av pkt 1 i representantforslaget er likevel nødvendig: Vidare prosess for Røldal-Suldal kraft må ikkje begrensast til ein vilkårsrevisjon. Fornyelsesprosess er den einaste tilstrekkelige behandlinga og rettferdige sporet å kjøre saka inn i.

Pkt 2 i representantforslaget går på næringsfond og økonomisk kompensasjon. Ved videreføring av ein utløpt og tidsbegrensa konsesjon må kompensasjon for bruk og beslaglegging av naturressursen til private og offentlege grunneigarar justerast. Dette må gjenspeile vanlig praksis i 2021/2022.

I tillegg må eit lokalt næringsfond stå i sammenheng med kor stor lokal skade kraftanlegga medfører basert på den nye konsesjonen regulanten blir tildelt. Med mindre det er aktuelt med nedbygging av eksisterande anlegg, så blir Røldalsbygda påført eit tapt utviklingspotensiale som er enormt. Å kreve ei årleg tilføring til næringsfond i størrelsesorden 1-2% av kraftomsetning er ikkje eit urimelig krav i eit slikt perspektiv.

Store delar av eit slikt næringsfond må vera ørmerka til dei lokalsamfunna som er direkte påverka og til dei næringane som er mest skadelidande av utbygginga; reiseliv og landbruk.

Mvh

Nils Petter Rabbe